

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmar  
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF  
Dato: 02.09.2014  
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum  
Sakshandsamar: HR-sjef Berit Berntsen/ Fagdirektør Øystein Torgauten/ Økonomisjef Ola Rye  
Saka gjeld: **Rapport frå verksemda per juli 2014**

**Styresak 51/14 (O)**

**Styremøte 10.09.2014**

---

## Forslag til vedtak:

Styret tek rapporten til orientering.

## Innhald

1	Oppsummering.....	3
2	Medarbeidarar / HMT .....	4
2.1	Sjukefråvere.....	4
2.2	Strategisk kompetansestyring .....	4
2.3	Tal bemanning .....	4
2.4	Brot på Arbeidsmiljølovens arbeidstidsbestemmelser første halvår 2014 .....	5
2.5	HMT-avvik.....	6
3	Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi .....	6
3.1	Viktigaste drivarar for utvikling .....	6
3.1.1	Sjukehusekspedisjonane (SHE).....	6
3.1.2	Publikumsekspedisjonane (PUB) .....	6
3.1.3	Farmasøytiske tenester (AFT).....	7
3.1.4	Produksjon (PRO).....	7
3.1.5	Forsking .....	7
3.1.6	Teknologi .....	7
3.1.7	Beredskapslager av legemiddel for spesialisthelsetenesta .....	7
3.2	Utviklingsprosjekt .....	8
3.2.1	Verksemdsstyring i SAV .....	8
3.2.2	Miljøsertifisering.....	8
3.2.3	Helse Vest-prosjekta KULE og TønSys .....	8
4	Økonomisk utvikling .....	9
4.1	Resultat per juli .....	9
4.2	Prognose 2014.....	13
4.3	Balanse og kontantstraum .....	15

## 1 Oppsummering

HR og organisasjonsavdelinga har fokus på kompetanseutvikling, rekruttering, organisasjonsutvikling, arbeidsmiljø, leing og medarbeidarskap. Dei to store utfordringane ligg i sjukefråvere og rekruttering av leiarar.

Sjukefråveret har sidan 2010 vore svært høgt i Sjukehusapoteka Vest (SAV). Vi har arbeidd systematisk for å redusere dette, og såg ei positiv utvikling i 2013. Sjølv om sjukefråvere steig noko dei første 3 månadene i år, syner trenden fortsatt nedgang.

Rekruttering er leiarar er utfordrande, og SAV prioriterer strategisk kompetansestyring for å utvikle egne talent.

SAV har ein del AML-brot som i hovudsak er knytt til krav om vekefri. Det er eit teknisk brot. Ein er no i dialog med fagforeiningane for å etablere avtale om unntak frå lovas krav, i høve til § 10(8)-3, med sikte på å etablere avtale hausten 2014.

Hovudfokus i drifta er aktiviteter som aukar sal og inntening, spesielt i publikumsekspedisjonane. Det er naudsynt både å auke tal kundar som vel dei fire sjukehusapoteka som sitt apotek, og å tilby eit breiare utval handelsvarer til desse kundane. Sjukehusekspedisjonane held fram arbeidet med å effektivisere drifta kring automatane, og å førebu enklare ordrehandtering når TønSys mot slutten av året er rulla heilt ut. Produksjonen har fokus på samordning mellom dei fire apoteka, og gevinst ved best-practice. Tilbodet av farmasøytiske tenester er definert meir tydeleg med omsyn til leveransar, timepris og effekt hos kunden. Dermed kan kundane lettare grunngi val av farmasøytressurs både i avdelingsarbeid og kliniske oppgåver.


SAV har vore gjennom første hovudrevisjon av miljøstyringssystemet, og ventar stadfesting av ISO-sertifisering i slutten av september.

Prosjektet «Verksemdsstyring i SAV» har første store milepæl 1. desember der nytt system vert lansert og alle prosessar gjort tilgjengeleg i nytt verktøy i brukargrensesnittet kalla SAVvy. Prosjektet legg til rette både for tydelegare mål og auka operatør-ansvar.

SAV har ved utgangen av juli ei samla omsetning på 526,4 mill. Dette er 15,6 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 62,5 mill. og 3,8 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 50,8 mill. og 0,6 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 1,0 mill. og 2,2 mill. under budsjett. Samla resultat er på 4,5 mill., noko som er 0,9 mill. under budsjett. SAV har god kostnadskontroll men klarer ikkje budsjettert resultat så langt i år på grunn av svakare margin på varesal enn budsjettert. Oppdatert prognose for 2014 viser eit resultat på 8 mill.

## 2 Medarbeidarar / HMT

### 2.1 Sjukefråvere



Samla sjukefråvær i juli 2014 er 6,2 % mot 8,4 % same tid i fjor. Helse Vest samla hadde eit sjukefråvær på 6,2 % i juli. Trend med nedgang siste 2-3 år held fram tross auke dei 3 første månadane i 2014. Fokus på, og tett oppfølging av sjukefråvær held fram.


### 2.2 Strategisk kompetansestyring

Strategisk kompetansestyring er eit satsingsområde i SAV. Vi målar årleg utføring av ulike tiltak, mellom anna bruk av Introduksjonsprogram for nytilsette, som var vedteke juni 2011. I perioden juni 2013 til juni 2014 var det 40 nytilsette i SAV, 19 svara på spørjeundersøking om bruk av Introduksjonsprogram. Det er låg svarprosent, men gir likevel eit bilde av i kva grad Introduksjonsprogrammet vert nytta.


Svara viser at ein i stor grad følgjer Introduksjonsprogram for ny tilsette. Vi ser og ein klart forbetring sidan 2013 når det gjeld gjennomgang av dokument og brosjyrar. Vi deler i stor grad ut informasjonsmateriell, ordnar arbeidsplassen i forkant, og tek nytilsette med på helsesundar og brannvern rundar. Av 19 respondentar i 2014 er 8 fast tilsette, 3 er sommarvikarar og 8 er anna vikar. Det er i stor grad vikarane som svarer at dei ikkje har fått utdelt materiale eller fått dette gjennomgått. Introduksjon av vikarane må bli betre. Vi kan også bli betre på introduksjon av leiarar. Det siste forventas løyst når regionalt Introduksjonsprogram for leiarar vert implementert.

### 2.3 Tal bemanning

Det er 266 tilsette i SAV i juli 2014, og 130 netto månadsverk. Det er budsjettert med 206 årsverk i 2014. Tal siste to år syner at det er stabilitet mellom tal tilsette og netto månadsverk, og ein ligg greitt innanfor personalbudsjett. Det ser vi og ved at tal tilsette i permisjon heng saman med tal vikarar. Det er i stort høve sommarferie som endrar det jamne nivået.



Bruk av overtid og meirtid har ein samanheng med totalt frávær og utviklingsarbeid. Trend bruk av overtid aukar svakt 2 siste år, medan trend bruk av meirtid minkar.



## 2.4 Brot på Arbeidsmiljølovens arbeidstidsbestemmelser første halvår 2014

### AML Brudd Oversikt


Periode 01.01.2014 - 30.06.2014

Bruddtype	Antall brudd
Maks timer per dag	8
Aml timer per uke	10
Aml timer per 4 uker	3
Aml timer per år	0
Søndager på rad	0
Maks timer i snitt	0
Maks planlagte timer per uke	0
Ukefri	105
Gj.snitt helger	0

Hovuddel av aml-brot er brot på krav om vekefri. Det er eit teknisk brot. Arbeidsmiljølova krev minimum 35 timar samanhengande fri i løpet av 7 dagar (§10-8). Lova seier ikkje noko om når det skal vere fri. Vekestart i GAT er satt til søndag klokka 00:00. Når ein jobbar til klokka 13:15 på laurdag er det 34 timar og 45 minutt til søndag klokka 00:00, eit rapportert

brot på 15 minutt. Reell kviletid fram til for eksempel ny vakt måndag morgon klokka 08:00 er på 42 timer og 45 minutt og godt innanfor krav i lova om 35 timer. Ein er no i dialog med fagforeiningane for å etablere avtale om unntak frå lovas krav, i høve til § 10(8)-3, med sikte på å etablere avtale hausten 2014.

## 2.5 HMT-avvik



Rapport visar utviklinga i meldte HMT-avvik per kvartal frå 2011-2014. Årleg rapporterast inn i overkant av 30 HMT-avvik i Sjukehusapoteka Vest med noko høgare rapporteringsfrekvens i første og siste kvartal. Første halvår 2014 ble det registrert 22 HMT-avvik mot 15 HMT-avvik første halvår 2013. 17 av 22 HMT-avvik i 2014 er ferdig behandla og avslutta. Det er hovudsakleg småskadar som stikk-, kutt-, fallskadar, eksponering ved søl og løft- og flyttskadar. Det er ikkje meldt arbeidsulykker som førte til fråvær frå arbeidsplassen eller skade som kravde medisinsk personell eller tilrettelagt arbeid.

## 3 Verksemdsutvikling – apotekfag og teknologi

### 3.1 Viktigaste drivarar for utvikling

#### 3.1.1 Sjukehusekspedisjonane (SHE)

Sjukehusekspedisjonane har fokus på betre effektivitet og god kostnadsstyring gjennom utnytting av teknologi i TønSys og KULE. Tenestedelen, service og support knytt til varesalet, vert å vurdere når TønSys har lagt dei fysiske rammene.

#### 3.1.2 Publikumsekspedisjonane (PUB)

Arbeidet med å gi pasientar, pårørande og sjukehusstilsette eit breitt tilbod av handelsvarer held fram, og på satsingsområda er dette i god framgang. Omfanget er likevel for lite til å gi naudsynt effekt i rekneskapen så langt. Parallelt med dette arbeidet er ventetida på reseptmedisin redusert og no på eit akseptabelt nivå, og det fagleg solide arbeidet med reseptkundane oppretthaldt.

For å nå dei økonomiske måla i publikumsekspedisjonane på kort sikt, må fleire verkemiddel takast i bruk.

### 3.1.3 Farmasøytiske tenester (AFT)

Tilbod av farmasøytiske tenester er meir tydeleg definert med omsyn til leveransar, timepris og effekt hos kunden. Dermed kan kundane lettare grunngi val av farmasøytressurs både i avdelingsarbeid og kliniske oppgåver.

### 3.1.4 Produksjon (PRO)

Samordning mellom dei 4 produksjonseiningane med sikte på å etablere ei beste praksis er fokus. Det same gjeld rammer og rutinar for kliniske utprøvingar.

### 3.1.5 Forsking

Begge D-stillingane er i rute med omsyn på å søke prosjektmiddel i løpet av september for finansiering i 2015.

### 3.1.6 Teknologi

SAV har no plukkautomatar i alle apotek unnateke publikumsekspedisjonen i Bergen. SAV fornyar og logistikksystemet med eit felles regionalt logistikksystem (Castor). Castor er no installert i Bergen og Stavanger og drifta er stabil. Målet er at Haugesund og Førde skal ha teke Castor i bruk innan utgangen av dette året.

I Helse Vest implementerast nytt bestillingssystem (TønSys) for apotekvarer i alle sjukehusføretak. Dette systemet vil forenkle mottak og handsaming av ordre frå sjukehusa samtidig som TønSys fungerer godt saman med Apotekstyrt legemiddellager (ASL). Til saman vil TønSys og ASL gje betra legemiddeltryggleik på sjukehuspost.

SAV har i samband med nye system styrka kjedekontoret i FAD. Kjedekontoret skal ta ansvar for versjonsoppdatering, systemdrift, register-vedlikehald og liknande oppgåver som kan avlaste apoteka. I tillegg får kjedekontoret ei sentral rolle med omsyn til å fase inn ny hovudgrossist Alliance Healthcare (AHN) frå 1.1.2015 gjennom eit felles prosjekt mellom sjukehusapotekføretaka (G2015). I samband med overgang til AHN er målet at alle apotek skal ta i bruk AHN si løysing for varebestilling (Evant). Dette krev at FarmaPro må oppgraderast til versjon 5.13. Denne versjonen er til testing i regi av G2015- prosjektet.

SAV planlegg og å fase inn nytt innkjøpssystem (Visma) i oktober og har til testing integrasjon mellom FarmaPro og Oracle Financials. Når dette er implementert vil ein endre organisering og rutinar for bestilling og godkjenning av inngåande og utgåande faktura. Begge systemløysingane vil påverke korleis ein organiserer arbeidet i apoteka.

### 3.1.7 Beredskapslager av legemiddel for spesialisthelsetenesta

Nasjonalt beredskapslager av legemiddel for spesialisthelsetenesta vert per i dag administrativt og økonomisk forvalta av Helsedirektoratet. Lageret er ein del av og inngår i dagens hovudgrossist (Norsk Medisinaldepot – NMD) til spesialisthelseteneste sitt rullerande lager. Spesialisthelsetenesta i Norge skiftar grossist ved årsskiftet<sup>1</sup>.

Frå 2015 vert den administrative, økonomiske og praktiske forvaltninga av dette beredskapslageret overført til RHF-a. Frå 2016 og framover er det planlagt ei fysisk desentralisering av beredskapslageret ned på HF-nivå.

---

<sup>1</sup> Dei lokale ekstralagera som kvart HF har (jf lokale beredskapslister) og som skal sikre sjukehusa sikker kontinuitet i drifta, vert administrert på annan måte enn beredskapslageret Helsedirektoratet administrerer.

For å sikre at beredskapsnivået ikkje vert svekka i samband med skifte av grossist, vert det inngått avtale med noverande grossist om at RHF-a kjøper beredskapslageret alt frå 1.10.14. Lageret vert frå 2015 omplassert til ny grossist.

Det må utarbeidast ein plan for ein føremålstenleg prosess for desentraliseringa av det aktuelle beredskapslageret. Eit prosjektdirektiv for dette vert utarbeidd i september 2014. Helse Vest RHF og SAV er representert i dette arbeidet. Planforslaget skal sendast HOD innan 1.7.2015.

SAV vil bidra til å sikra at beredskapslager i Helse Vest dekker funksjonar og behov lokalt, og deltek aktivt i den nasjonale arbeidsgruppa.

Finansiering av lageroppbygginga og kostnader knytt til drifta må avklarast.

## 3.2 Utviklingsprosjekt

### 3.2.1 Verksemdsstyring i SAV

Prosjekt «Verksemdsstyring i SAV» har no kring tjuge prosessar i arbeid med modellering og forbetring. Ein legg vekt på å knytte mål for kvar prosess opp mot overordna mål, utnemne prosesseigar for kvar prosess og utnemning av operatørar som saman med prosesseigar skal sikre vidare utvikling av kvar prosess. I tillegg kjem aktivitetar for å sikre auka mogning i høve til prosess-styring i organisasjonen.

Samarbeidet med Regionalt Arkitekturkontor i Helse Vest er etablert, og det er forventning om at Helse Vest bidreg med kompetanse, ressursar og rammeverk sidan SAV er tidleg ute med å orientere drifta mot prosess-styring.

Ein viktig milepæl er lansering av det nye systemet for verksemdsstyring 1. desember.

Verksemdsstyringssystemet har etter intern namnekonkurranse fått det flotte namnet SAVvy.

### 3.2.2 Miljøsertifisering

Etter hovudrevisjon har SAV no levert naudsynt dokumentasjon til Det Norske Veritas, som er vårt sertifiseringsorgan. Melding om sertifisering er venta i månadsskiftet september / oktober.

### 3.2.3 Helse Vest-prosjekta KULE og TønSys

KULE-prosjektet går inn i ny fase der SAV fortsatt yter ressursar, om lag 2 årsverk i august-september 2014 og deretter 1,8 årsverk til oktober 2015. Ein er i dialog med sjukehusføretaka om SAV si rolle og bidrag når nytt utstyr er pilotert, testa og tas i bruk og nye rutinar skal verte tilpassa.

TønSys er nå i bruk på nær 100 % av avdelingane ved Førde sjukehus. Ved sjukehusa i Stavanger og Haugesund er 30-40 % av avdelingane i gang, med mål om full dekning innan årsskiftet. Ved Haukeland sjukehus er nokre få avdelingar i gang, men det er plan for full dekning innan årsskiftet også her. Dei mindre sjukehusa og private/ ideelle samarbeidspartane har og same mål. Sjukehusa har varierende tilgjenge til WiFi i medisineromma, men det er funne løysingar med offline-applikasjon. SAV førebur gevinstrealisering i sjukehusekspedisjonane.




## 4 Økonomisk utvikling

### 4.1 Resultat per juli

SAV har ved utgangen av juli ei samla omsetning på 526,4 mill. Dette er 15,6 mill. over budsjett. Bruttomargin frå varesalet er 62,5 mill. og 3,8 mill. under budsjett. Omsetning frå sal av tenester og andre inntekter er 50,8 mill. og 0,6 mill. under budsjett. Personalkostnader og driftskostnader er høvesvis 1,0 mill. og 2,2 mill. under budsjett. Samla resultat er på 4,5mill., noko som er 0,9 mill. under budsjett.

Budsjett overført: 31.08.2014 00:40 - 31.08.2014 01:15 Regnskap overført: 31.08.2014 01:15 Kjørt dato: 31.08.2014 20:47	Akkumulert per 201407							
	Regnskap	Budsjett	Regnskap - Budsjett	Prognose hele året	Budsjett hele året	Prognose - Budsjett hele året	Hittil i fjor	Året - fjorår
Inntekter frå varesalg	475 586	459 439	16 147	809 565	803 878	5 687	441 424	34 162
Varekostnader	413 113	393 201	19 911	702 769	688 556	14 213	379 350	33 762
<b>Brutto fortjeneste</b>	<b>62 474</b>	<b>66 238</b>	<b>-3 764</b>	<b>106 796</b>	<b>115 322</b>	<b>-8 526</b>	<b>62 074</b>	<b>400</b>
<b>Brutto fortjeneste %</b>	<b>13,14 %</b>	<b>14,42 %</b>	<b>-1,28 %</b>	<b>13,19 %</b>	<b>14,35 %</b>	<b>-1,15 %</b>	<b>14,06 %</b>	<b>-0,93 %</b>
Inntekter frå tenester	38 129	38 834	-705	67 245	67 836	-591	33 864	4 265
Andre inntekter	12 666	12 523	143	21 539	21 487	52	12 217	450
<b>Dekningsbidrag</b>	<b>113 269</b>	<b>117 596</b>	<b>-4 326</b>	<b>195 580</b>	<b>204 645</b>	<b>-9 064</b>	<b>108 154</b>	<b>5 115</b>
Personalkostnader	80 318	81 342	-1 024	137 548	140 846	-3 298	76 999	3 319
Andre driftskostnader	29 421	31 668	-2 247	51 829	54 855	-3 026	25 836	3 586
<b>Driftsresultat før finansposter</b>	<b>3 530</b>	<b>4 586</b>	<b>-1 056</b>	<b>6 203</b>	<b>8 944</b>	<b>-2 741</b>	<b>5 320</b>	<b>-1 790</b>
Netto finansposter	1 009	833	176	1 719	1 428	291	958	51
<b>Resultat</b>	<b>4 539</b>	<b>5 419</b>	<b>-880</b>	<b>7 922</b>	<b>10 372</b>	<b>-2 450</b>	<b>6 278</b>	<b>-1 739</b>
<b>Nøkkeltall:</b>								
Prosentvis endring i inntekter varesalg			3,5 %			0,7 %		7,7 %
Prosentvis endring i inntekter frå tenester			-1,8 %			-0,9 %		12,6 %
Prosentvis endring i andre inntekter			1,1 %			0,2 %		3,7 %
Varekost %	86,9 %	85,6 %	1,3 %	86,8 %	85,7 %	1,2 %	85,9 %	0,9 %
Personalkostnad %	15,3 %	15,9 %	-0,7 %	15,3 %	15,8 %	-0,5 %	15,8 %	-0,5 %
Andre driftskostnads %	5,6 %	6,2 %	-0,6 %	5,8 %	6,1 %	-0,4 %	5,3 %	0,3 %
Driftmargin %	0,7 %	0,9 %	-0,2 %	0,7 %	1,0 %	-0,3 %	1,1 %	-0,4 %
Resultatmargin %	0,9 %	1,1 %	-0,2 %	0,9 %	1,2 %	-0,3 %	1,3 %	-0,4 %

Ei overordna analyse av resultatavviket per april er vist under. Grøn farge tilseier lågare kostnadspådrag eller betre inntening enn budsjett. Raud farge tilseier høgare kostnad eller lågare inntening enn budsjett. God kostnadskontroll innan personal- og andre driftskostnader er ikkje tilstrekkeleg til full ut å kompensere for manglande inntening på varesal (PUB, PRO og avd 145) og lågare inntekter frå sal av tenester i høve til budsjett.




Resultatet i SAV er som vist spesielt påverka av sal av varer og bruttomargin på varesalet. Varesalet veks med 7,7 % (34,2 mill.) frå fjoråret og er 3,5 % (16,2 mill.) over budsjett. Bruttomargin på varesalet er 3,8 mill. under budsjett, noko som skuldast høgare varekost enn budsjettert. Budsjettert og realisert varesal og varekost for dei ulike verksemdsområda fordelt på apoteka er vist nedanfor. Raud farge indikerer negativt budsjettavvik.

Varesal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	230 203	218 718	11 485	104 917	101 298	3 619	21 178	19 101	2 077	75 160	68 475	6 684	28 949	29 843	-895
PUB	171 747	172 926	-1 179	80 039	78 402	1 637	17 211	20 509	-3 299	47 199	48 100	-902	27 299	25 914	1 385
PRO	89 155	76 094	13 061	46 317	34 449	11 868	6 766	6 129	636	24 008	21 186	2 822	12 065	14 330	-2 265
Avd 145	7 276	9 013	-1 737	7 276	9 013	-1 737	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	475 587	459 439	16 148	238 549	223 162	15 387	45 155	45 740	-586	146 366	137 761	8 604	68 312	70 087	-1 775

Varekost %	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	88,6 %	88,5 %	0,1 %	87,7 %	87,9 %	-0,3 %	89,4 %	89,7 %	-0,3 %	89,4 %	88,7 %	0,7 %	89,2 %	89,2 %	0,0 %
PUB	87,8 %	86,2 %	1,6 %	88,5 %	86,8 %	1,7 %	84,4 %	84,8 %	-0,4 %	87,8 %	85,7 %	2,1 %	88,0 %	86,4 %	1,6 %
PRO	89,5 %	87,4 %	2,1 %	91,1 %	89,9 %	1,2 %	91,2 %	90,2 %	1,0 %	83,9 %	79,5 %	4,4 %	93,6 %	91,8 %	1,8 %
Avd 145	18,1 %	12,6 %	5,5 %												
Snitt	87,5 %	86,1 %	1,4 %	86,5 %	84,8 %	1,7 %	87,8 %	87,6 %	0,2 %	88,0 %	86,3 %	1,8 %	89,5 %	88,7 %	0,8 %

Brutto fortj	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	26 234	25 109	1 124	12 916	12 208	707	2 250	1 974	275	7 941	7 713	228	3 127	3 213	-86
PUB	20 910	23 893	-2 983	9 219	10 371	-1 152	2 677	3 118	-440	5 735	6 872	-1 137	3 278	3 532	-254
PRO	9 371	9 615	-244	4 135	3 483	652	595	602	-7	3 867	4 352	-485	774	1 178	-404
Avd 145	5 960	7 875	-1 915	5 960	7 875	-1 915									
SUM	39 679	49 180	-9 500	32 230	33 937	-1 529	5 522	5 694	-172	17 543	18 937	-1 394	7 179	7 923	-744

Ny apotekavansemodell frå 1.1.2015 gjev ulik effekt på margin per pakning ut frå salsprisen på pakningen. Ved ein salspris på 500 kr er effekt av ny modell kr null. Salspris over 500 kr gjev negativ effekt og salspris under 500 kr positiv effekt:





Innan SHE ligg varekost på budsjettert nivå, men har gått ned frå 2013. Nedgang frå 2013 kjem av at gjennomsnittleg pakningspris har vore 364 kr og dermed har SHE realisert ein gjennomsnittleg gevinst av ny avansemodell.

Innan PUB ligg varekost 1,6 %-poeng over budsjettert nivå og 0,7 %- poeng over fjoråret. Det er gjennomført ei analyse av samanheng mellom endring i produkt-mix og prisnivå mot endring i varekostnivå frå fjoråret. Tabell nedanfor viser nokon overraskande resultat:

PUB per juli 2014		Varekost %	Kommentar
Varekost 2014		87,8	
Varekost 2013		87,1	
<b>Endring varekost fra 2013</b>		<b>0,7</b>	
Varekostendring som følge av endring i produktmix og utsalspris:			
Legemidler fra PRO		1,3	Økt snittpris og økt andel av omsetning
H-resept		-0,6	Økt snittpris, men redusert volum reduserer andel av varekost endring
Uregistrerte legemidler		0,3	Økt snittpris og økt andel av omsetning
Legemidler (Rx)		-0,5	Økt snittpris og redusert andel av omsetning
OTC / HV		0,1	Økt andel av omsetning gir mindre effekt enn effekt av økt varekost
<b>Sum</b>		<b>0,7</b>	

Ei kan legge merke til at auka andel av OTC og HV ikkje har betra varekosten. Dette skuldast at varekost har auka på denne gruppa og at relativ volumauke frå 2013 på ca. 1,3 % ikkje er stor nok til å gje samla positiv effekt på varekost-prosent.

Nedanfor er vist omsetnings- og marginutvikling i PUB per juli. Omsetningssvikten er knytt til Rx. Marginbildet viser at HV og OTC bidreg med ca. 39 % av samla margin, men utgjer berre ca. 11 % av omsetninga.



Rx=reseptpliktige legemidler, Andre = legemidler på H-resept og legemidler frå andre leverandører enn NMD, HV=Handelsvarer og OTC=reseptfrie legemidler.

Omsetning (i tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	108 696	44 622	13 609	4 820	171 747
Budsjett	110 768	43 889	13 652	4 616	172 925
Differanse	-2 072	733	-43	204	-1 178

Bruttomargin (i tusen)	Rx	Andre	HV	OTC	SAV
Regnskap	10 683	2 009	5 458	2 759	20 910
Budsjett	12 125	3 828	5 374	2 567	23 893
Differanse	-1 441	-1 819	84	193	-2 983

Innan PRO er priser ved LIS skiftet (februar) regulert ned til opphavleg innkjøpspris. Dette var ikkje føresett i budsjettet. Samla effekt av dette er utrekna til ca. 1 mill. i høgare varekost for 2014 enn budsjettet. I tillegg gjev ny avansemodell ein negativ effekt ved at snittpris er 935 kr per pakning så langt i 2014.

Innan avdeling 145 skuldast auka varekost i hovudsak auke i kassasjon av retur av varer overskriden haldbarheitsdato frå kommisjonslager hjå NMD. Årsaka er redusert sal hjå NMD der SAV sit med risiko for produsert varelager. I tillegg har det vore nokre tilfelle av tilbakekalling /sals-stopp av råvarer etter utført produksjon.

Inntekter frå sal av tenester veks med 12,6 % (4,3 mill.) frå fjoråret, men er 1,8 % (0,7 mill.) under budsjett. I tenester inngår basistjenester frå SHE, produksjons-/ tilsetningstenester frå PRO og farmasøytiske tenester frå AFT.

Tenesteseal	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	6 296	6 385	-88	1 187	2 304	-1 117	717	732	-15	2 541	2 494	47	1 851	854	997
PRO	13 711	12 623	1 088	6 925	6 066	858	1 093	1 099	-6	4 579	4 193	386	1 114	1 265	-151
AFT	18 001	19 723	-1 722	11 345	12 571	-1 226	1 559	1 669	-110	2 686	2 678	8	2 411	2 805	-394
SUM	38 129	38 834	-722	19 461	20 941	-1 485	3 400	3 518	-131	9 892	9 451	441	5 376	4 924	452

Innan SHE er det spesielt omfang av ASL i Bergen som skaper avvik mot budsjett grunna feil i føresetnadene for budsjettet (tal timar). Innan AFT skuldast avviket spesielt manglande kapasitet på farmasøytar i Bergen og prisavvik ved sal av tenester til kompetansesentra i Helse Bergen.

Andre inntekter veks med 3,7 % (0,5 mill.) frå fjoråret, og er 1,1 % (0,1 mill.) over budsjett. I andre inntekter inngår mellom anna basispris til produksjon, KLUT-tenester, refusjon av lønnskostnader mv.

Personalkostnader aukar med 4,3 % (3,3 mill.) frå fjoråret men er 1,0 mill. under budsjett. Personalkostnad i prosent av omsetning er redusert frå 15,8 % til 15,3 % på same tid i fjor. Ei viktig årsak til at vekst kan takast ut utan tilsvarende auke i bemanning er innføring av ny teknologi og system i ekspedisjonane.

Personalkostnad	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	18 965	17 098	1 867	8 615	7 586	1 029	1 333	1 539	-206	5 812	5 517	295	3 205	2 456	749
PUB	14 640	14 872	-232	6 337	6 182	155	1 689	1 695	-6	4 212	4 435	-223	2 402	2 559	-157
PRO	14 461	15 288	-827	6 865	7 091	-226	1 075	1 229	-154	5 400	5 725	-325	1 121	1 243	-121
Avd 145	4 009	4 297	-288	4 009	4 297	-288	-	-	-	-	-	-	-	-	-
AFT	12 676	13 268	-592	7 722	8 639	-917	1 298	1 220	78	1 670	1 735	-65	1 987	1 674	312
X10	4 835	4 265	570	1 841	1 660	181	788	637	151	1 266	1 038	227	941	930	10
FAD	10 732	12 254	-1 522	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
SUM	80 318	81 342	-1 024	35 389	35 455	-66	6 182	6 320	-138	18 359	18 450	-91	9 656	8 863	793

Andre driftskostnader aukar med 13,9 % (3,6 mill.) frå fjoråret, men er 2,2 mill. under budsjett. Redusert kostnadspådrag så langt i år er mellom anna knytt til forsinka start av utvikingsprosjekt og lågare avskrivning enn budsjettet.

Andre driftskostn	SAV			SIB			SIF			SIS			SIH		
	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik	Regnsk	Bud	Avvik
SHE	3 042	3 359	-316	1 472	1 522	-50	380	366	14	743	759	-16	447	711	-264
PUB	3 145	3 556	-411	1 100	1 341	-241	395	581	-187	1 054	998	55	597	636	-39
PRO	3 154	3 610	-456	1 823	1 976	-154	350	419	-70	706	806	-100	275	408	-133
Avd 145	1 230	1 297	-66	1 230	1 297	-66	0	0	0	0	0	0	0	0	0
AFT	638	775	-137	297	346	-49	145	157	-13	115	137	-21	81	135	-54
X10	1 607	2 026	-419	1 028	1 264	-236	80	102	-22	405	461	-57	94	198	-104
FAD	16 605	17 045	-441	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	29 421	31 668	-2 247	6 950	7 747	-796	1 350	1 626	-277	3 023	3 162	-139	1 494	2 088	-594

Finansinntekter består av renteinntekter på bankinnskott og ligg litt over budsjett. Bankinnskott inngår i Helse Vest si konsernkonto-ordning.


Akkumulert resultat og resultatavvik mot budsjett ved utgangen av juli for dei ulike verksemdsområder, administrasjon og apotek er vist i tabellar nedanfor. Tal med raud farge indikerer underskot, negativt budsjettavvik eller overforbruk av kostnader.

Alle driftsavdelingar har resultat under budsjett bortsett frå PRO som har høg aktivitet og resultat på 1,8 mill. over budsjett. FAD har kostnader 2,3 mill. under budsjett medan lokale administrasjonsavdelingane (X10) avdelingar har kostnader litt over budsjett.

Resultater 2014														
Regnskap vs Budsjett pr 201407														
	SAV		SHE		PUB		PRO		145		AFT		X10 (lokal adm)	
	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik	Akk	Avvik
SIB	2 500	-2 416	642	-1 491	-1 755	-1 034	3 930	1 724	-747	-1 543	373	-317	58	52
SIF	44	157	387	455	-433	-197	628	204			-415	-176	-122	-129
SIS	1 783	-599	1 114	-0	-1 489	-663	2 178	186			143	60	-163	-171
SIH	-310	-406	-184	427	-960	-46	928	-279			-223	-613	128	95
FAD	521	2 323												
<b>SAV</b>	<b>4 539</b>	<b>-941</b>	<b>1 958</b>	<b>-610</b>	<b>-4 637</b>	<b>-1 940</b>	<b>7 663</b>	<b>1 835</b>	<b>-747</b>	<b>-1 543</b>	<b>-122</b>	<b>-1 045</b>	<b>-98</b>	<b>-154</b>

## 4.2 Prognose 2014

Resultatprognose for 2014 viser resultat på 7,9 mill. Dette er 2,4 mill. under budsjett.



Innteninga i SAV er knytt til faste avtalar og vilkår definert i budsjettprosessen for 2014. Dette gjeld spesielt prisar og volum på (det meste av) tenestesalet, prisar og basispris for tilvikring innan PRO og avansepåslag for legemidlar og andre apotekvarer som følger apotekavansemodellen. Fokus vert difor på forhold som faktisk kan påverkast resten av året.

Det er sett i verk tiltak for kompensere for fallande marginar frå varesalet gjennom eit program for kostnadsreduksjon med mål om å spare om lag 4 mill. i personal- og driftskostnader i perioden juli til desember. Dette utgjer ca. 5 % av den samla kostbasen for perioden. Fokus er på kostnader som lar seg påverke på kort sikt. Døme på dette er reisekostnader, kurs og kompetansekostnader, leige av konsulentar og anna personell og overtidsbruk. Tiltak vert følgt opp mot faktisk resultat månadleg.

Tabellen under viser sum kostnadsreduksjonar mot tidligare prognose:

	<b>Personalkostn.</b>	<b>Driftskostnad</b>	<b>Sum</b>
Kostnad i opprinnelig prognose juli - des.	67 706	27 518	95 224
Kostnadsreduksjon realisert i juli (inkl i regnskap juli)	1 164	378	1 542
Kostnadsreduksjon i prognose aug-des	1 097	1 338	2 435
<b>Sum kostnadsreduksjon</b>	<b>2 260</b>	<b>1 716</b>	<b>3 976</b>

Tiltak for kostnadsreduksjon skal balanserast mot forsvarleg drift og arbeidet med å betre (effektivisere) prosessar i verksemda.

Innanfor SHE er det spesielt fokus på å implementere nytt bestillingssystem på sjukehusa (TønSys) og nytt logistikk system (Castor) med omsyn til produktivitet og effektive prosesser. I prognosen for 2014 er det lagt til grunn at begge systema er implementert i løpet av året og modellering av arbeidsprosessar for dette er prioriterte i prosjekt for «Verksemdsstyring i SAV». I tillegg er det fokus på skilje mellom varehandtering (1. linje) og utføring av tenester (2. linje). Det er innført timeføring for levering av tenester i ekspedisjonane. Dette skal gi betre grunnlag for ressursstyring og meir fokus på leveransar til sjukehusa. Avvik i tenester innan SHE skuldast i hovudsak feil i budsjettet med omsyn til tal timer ASL i Bergen.

Innan PUB er det spesielt fokus på varesalet, produkt-mix og service til kundar. Tiltak innan produktkunnskap, sals-leiing, måling og oppfølging av resultat er vidareført. I tillegg er det fokus på utnytting av areal, betre plassutnytting og vareprofilering. Modellering av prosessar innan publikum er og prioriterte i prosjektet for verksemdsstyring.

Innan PRO er det føresett ein aktivitet og varekost på dagens nivå resten av året. Nye lokalar i Haugesund er noko forsinka . Ein reknar med at ombygginga vil være ferdigstilt i oktober.

Innan avd.145 er det føresett ein aktivitet på nivå med hittil i år og med tilsvarande bruttomargin. Det er knytt spesielt stor usikkerhet til utvikling av salet av NAF-produkt hjå NMD og utvikling i returar resten av året. Det er difor i nokre høve redusert batch-størrelsar for å søkje å redusere kassasjon og returar frå lager.

Innan AFT får ein auka kapasitet med to nye farmasøytar i Bergen frå juli. Det er innført timeføring som skal gje betre grunnlag for ressursstyring. Prognosen for AFT legg til grunn at ein klarer å hente inn ein del av budsjettavviket i løpet av året.

I FAD har ein siste to månadane bygd om til kontorlandskap. Ombygginga gjev i alt plass til 20 arbeidsplassar i landskapet samt 7 møte/stillerom. Ombygginga vil verte gjennomført innan budsjett på 1,5 mill.

### 4.3 Balanse og kontantstraum

Likviditetsbeholdninga varierer frå månad til månad grunna månadsvis endringar i kapitalbindinga i varelager og fordringar og endringar i kortsiktig gjeld. Det er spesielt registrerings- og betalingstidspunkt for faktura frå grossisten Norsk Medisinaldepot (NMD) som gjev utslag på kapitalbindinga.

Hittil i år er det ei reduksjon i kapitalbindinga i varelager og fordringar med ca. 3,9 mill. Kortsiktig gjeld er omtrent som ved årets start. Til saman gjer dette ein positiv utvikling i likvidar hittil i år på 10,1 mill. Likviditeten er god, med ein arbeidskapital på ca. 100,5 mill. per utgangen av juli. Soliditeten i SAV er også god med ein eigenkapitalprosent på 46 %.

<b>BALANSE</b>	<b>31.12.2013</b>	<b>jul.14</b>
<b>Anleggsmiddel</b>	<b>22 377</b>	<b>22 459</b>
Varelager	35 134	37 661
Fordringar	80 643	74 195
Betalingsmiddel	81 501	91 582
<b>Sum omløpsmiddel</b>	<b>197 278</b>	<b>203 438</b>
<b>Sum eigedelar</b>	<b>219 655</b>	<b>225 897</b>
<b>Eigenkapital</b>	<b>102 459</b>	<b>102 459</b>
<b>Resultat hittil i år</b>		<b>4 539</b>
<b>Pensjonsforpliktning</b>	<b>8 850</b>	<b>11 224</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>5 368</b>	<b>4 726</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>102 978</b>	<b>102 949</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>219 655</b>	<b>225 897</b>
<b>Akkumulert endring i kontantstraum</b>		
Resultat hittil		4 539
Endring omløpsmidler		3 921
Endring i kortsiktig gjeld		-29
Endring avsetning til forpliktelse		2 374
Avskrivningar		2 399
Investeringar		-2 481
Økt finansielle anleggsmidler		0
Nedbetaling langsiktig gjeld		-642
<b>Endring i kontantstraum</b>		<b>10 081</b>